

## Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 19.06.2014

### Vedtak

1. Ungdommens fylkesting vedtek å støtte eit vidare arbeid med Ungdommens storting.
2. Ungdommens fylkesting vedtek å delta i ein arbeidsgruppe/referansegruppe.
3. Ungdommens fylkesting vedtek å stille seg bak uttala med slike endringar:
  - Eit nasjonalt medverknadsorgan skal basere seg på kommunale- og fylkeskommunale medverknadsorgan for ungdom. Dei tre ulike nivåa skal henge saman og byggje på kvarandre.
  - Ei endring av aldersgrenser til: «Frå det året ein fyllar 13 år til og med det året ein fyllar 21 år.»
  - Alle representantar i det nasjonale medverknadsorganet forpliktar seg til å arbeide med oppfølging av sakene gjennom heile året. I tillegg til dette skal organet velje ei arbeidsutval som har eit særskilt ansvar for oppfølging, samt andre oppgåver som deltaking i planlegging og gjennomføring av arrangementet. Utvalet føresett at arbeidsutvalet vert vald på bakgrunn av geografisk spreining.

Ungdommens fylkesutval gir Cecilie Fredheim fullmakt til å skrive eit svar til Sentralt ungdomsråd i Oslo på bakgrunn av vedtaka gjort i saka.